# Forklaring til kartløysing - forslag til Kommuneplan for Stord 2025-2035



Ved opning av kartløysinga vert forslag til kommuneplanen synt som på bilete ovanfor. Det vil seie med berre eit av mange kartlag slått på. Forklaringa under gjer deg kjend med innhaldet i kommuneplankartet, og korleis du kan slå på og av alle dei ulike kartlaga planen består av.

Kartløysinga inneheld i tillegg til kommuneplanen, ulike eksterne datasett som vil har verknad for utforming av arealdelen t.d kulturminnekart og naturbasar.

Korleis søkje, få oversikt over kartlag, og få fram teiknforklaring:




**Søk**- her kan du søkje på spesifikk adresse eller eigedom (gard-/bruksnummer), og kartet zoomar automatisk inn på rett stad

**Kartlag**– trykk her for å opne og sjå dei ulike kartlaga kartløysinga inneheld

**Meny** – trykk her og du finn funksjon for t.d. å skrive ut, eller vise teiknforklaring.

**Teiknforklaring**- trykk her for å vise forklaring til arealføremål, omsynssoner og linjesymbol i plankartet. Du vil og få opp informasjon om linjer, arealføremål eller omsynssone ved å trykke på ei linje/flate i kartet. Informasjon vil visast i eigen meny til høgre i kartbilete.




Trykk på hake for å få tilgang til fleire spesifiserte kartlag.

Trykk i boks for å aktivere kartlag

**Grunnkart** inneheld kommunen sine grunnkartdata

**Plan innspel** inneheld avgrensing for innkomne innspel til kommuneplan.
Trykk på hake til høgre for å få opp nærare informasjon om lagdeling av innspela.

Trykk på eit innspel i kartet, og vidare på pil ned for Arealformål i kartlagsinfo til høgre. Trykk så på Meir informasjon, for skildring og tilgang til konsekvensutgreiing/arealvurdering av innspelet.

**Reguleringsplanar som vurderast oppheva** inneheld reguleringsplanar som skal vurderast oppheva i samband med kommuneplanprosessen. Avgrensing for planane er vist med raud flate i kartløysinga.

Aktiver kartlag, trykk så på augeikon og vidare på eit planområde i kartet. Trykk så hake ved Reguleringsplan i høgremeny. Gå på Meir informasjon for å finne vurdering og tilråding av reguleringsplanen. Om du trykker på Planregister kjem du i kommunen sitt planregister der dokumenta tilhøyrande planen er å finna. Aktiver kartlag reguleringsplanar om du vil sjå reguleringsplanen i sin heilskap i kartløysinga.

**Kommuneplan forslag** inneheld forslag til ny arealdel til kommuneplan for Stord. Aktiver kartlag. Trykk hake til høgre for å sjå dei ulike laga planen består

**Reguleringsplanar** inneheld alle reguleringsplanar i Stord, vedtekne og planar under arbeid.
Nokre planar er å sjå som fulldigital plan, nokre føreligg bere som biletfil.

**Kommuneplan/delplanar** inneheld gjeldande kommuneplan og kommuneplanar

Alle kartlag nemnd som **eksterne data** inneheld ulike kartlag frå det offentlege kartgrunnlaget, som t.d. automatisk freda kulturminner, flaumkart mfl.




Slå av og på dei spesifiserte kartlaga ved å trykke på aukeikon

**H910 Detaljeringssone ligg på område der reguleringsplanar skal gjelda uendra.** Områda er vist som avgrensing med horisontal skravur. Trykk innafor H910 sona, og vidare på hake ved Detaljeringssone som visast i høgremeny. Du får der informasjon om kva reguleringsplan sona gjeld for.
Får å sjå reguleringsplanen i planregisteret kan du skrive inn aktuelt planID nummer i planregisteret her (Arealplaner.no)

Du kan sjå plankarta i kartløysinga ved å slå av kartlag H910 Reguleringsplanar som skal gjelda uendra, og på Reguleringsplanar (kartlag synt på bilete ovanfor)

**Arealføremål** viser forslag til nye arealformål i heile kommunen. Endra føremål i høve gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar har fått arealbruksstatus framtidig. Om eit areal er framtidig vil du kunne sjå under Arealformål i høgremeny når du trykker på ei flate.




**Aktive kartlag-** ved å opne denne fana kan du her velja og justere gjennomsiktighet for dei enkelte kartlaga du har slått på.

Dette kan vera aktuelt om du t.d. ynskjer å sjå arealformålsområde i forslag til ny kommuneplan opp mot formål i gjeldande kommuneplan (KP arealføremål).

Det gjer du ved først å aktivere kartlag for både arealformål i kommuneplanforslag, og arealformål i gjeldande kommuneplan, KP Arealføremål. Utførast under fane Alle kartlag.

Opne så fane Aktive kartlag, og dra grønt punkt sidevegs for å gjere datalag gjennomsiktig.